

# Høring kunst og skapande arbeid

## Fråsegn - Norske Billedkunstnere

Status	Innsend til Utdanningsdirektoratet. Innsendt og stadfesta av instansen via: ingerfure@billedkunst.no
Innsend av	Inger Fure Grøtting
Innsendaren sin e-post:	ingerfure@billedkunst.no
Innsend dato	28.01.2021
Hvilken organisasjon?:	Norske Billedkunstnere Organisasjon (Privat)
Stilling	Pedagog/formidlingsansvarleg

✓ Eg stadfestar at fråsegna er på vegner av heile oppgitte organisasjon.

# Læreplan i kunst og skapande arbeid

Avsendar: Utdanningsdirektoratet

## 1. OM FAGET

---

### 1.1. FAGRELEVANS OG SENTRALE VERDIAR

---

Kunst og skapande arbeid handlar om å kunne fordjupe seg i samtidig kunst, medium og visuelle uttrykk. Faget gir elevane tilgang til det mangfaldet av uttrykksformer som finst i kunsten, og kan bidra til eigenutvikling gjennom kunstnarleg aktivitet. Aktivitetar i faget kan bidra til forståing av korleis kunst kan vekke kjensler, skape undring og kommentere samfunnet på ulike måtar. Kunst og skapande arbeid gir elevane høve til å utvikle førestillingsevna og kreative løysingsstrategiar som førebur dei på aktiv deltaking i kultur, samfunn og arbeidsliv.

Alle fag skal bidra til å realisere verdigrunnet for opplæringa. Kunst og skapande arbeid skal bidra til å stimulere til utforsking, eksperimentering og skaparglede. Gjennom at elevane arbeider med faget åleine eller saman med andre, kan medvitte deira om eigen identitet og eigne inntrykk stimulerast. Kjennskap til og medvitte om samfunnsengasjementet og uttrykksformer i kunsten kan inspirere elevane til refleksjon, kritisk tenking og demokratisk medverknad. Faget skal bidra til at elevane får innsikt i kulturuttrykka til det samiske urfolket. Opplæringa legg vekt på kunnskap om ulike uttrykksmåtar og kan skape forståing og respekt for den rolla kunsten og kunstnaren har i samtida. Gjennom analoge og digitale plattformer kan kunstuttrykk enkelt delast, og det krev god kjennskap til lova om opphavsrett og til personvern.

### 1.2. KJERNEELEMENT

---

#### 1.2.1. UTTRYKK OG MATERIALER

Kjerneelementet uttrykk og materiale handlar om kjennskap til og innsikt i ulike medium og verkemiddel og korleis dei kan kommunisere, skape meining og utfordre. Sentralt i kjerneelementet står kunnskap om teikn og symbol og korleis dei kan brukast i visuelt språk og i eigne skapande prosessar.

#### 1.2.2. KUNSTNARLEGE PROSESSAR

Kjerneelementet kunstnarlege prosessar handlar om skapande og utforskande metodar. Dette kjerneelementet handlar òg om innsikt i og erfaring med kunstnarleg praksis i arbeid med idéutvikling. Å utvikle eigne kunstnarlege uttrykk inneber eksperimentering og val av verkemiddel og materiale.

#### 1.2.3. KUNST I KONTEKST

Kjerneelementet kunst i kontekst handlar om å vere deltakarar og tilskodarar på ulike nivå og arenaer i møte med kunst. Sentralt står arbeid med korleis kunstuttrykk kan opne for kjensler og

korleis kunst kan kommunisere og kommentere ulike samfunnstema. Dette kjerneelementet handlar om å utvikle evne til å vise fram eigen og andre sin kunst i ulike kontekstar.

## **1.3. TVERRFAGLEGE TEMA**

---

### **1.3.1. FOLKEHELSE OG LIVSMEISTRING**

I kunst og skapande arbeid handlar det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring om at elevane får arbeide med å uttrykkje og forstå meiningar, idear og kjensler. Dei får høve til å utvikle både sjølvvinsikt og mot til å ytre seg.

### **1.3.2. DEMOKRATI OG MEDBORGARSKAP**

I kunst og skapande arbeid handlar det tverrfaglege temaet demokrati og medborgarskap om at elevane gjennom arbeid med kunstnarlege uttrykk får øve opp evna til kritisk tenking og respekt for usemje. Gjennom faget blir elevane medvitne på korleis kunst kan synleggjere, kommentere og stille spørsmål ved aktuelle hendingar og problemstillingar i samfunnet.

### **1.3.3. BEREKRAFTIG UTVIKLING**

I kunst og skapande arbeid handlar det tverrfaglege temaet berekraftig utvikling om at elevane gjennom skapande prosessar arbeider med tema som utforskar og vektlegg det etiske ansvaret vi har for å ta vare på naturen og miljøet. Materialbruk i eige arbeid vil gi grunnlag for diskusjonar som kan føre til auka medvit om fordeling og bruk av ressursar i samfunnet.

## **1.4. GRUNNLEGGJANDE FERDIGHEITER**

---

### **1.4.1. MUNNLEGE FERDIGHEITER**

Munnlege ferdigheiter i kunst og skapande arbeid inneber å kunne presentere eigne idear og argumentere for eigne val. Det inneber òg å kunne bruke fagomgrep i samtalar og diskusjonar om eige og andre sitt arbeid.

### **1.4.2. Å KUNNE SKRIVE**

Å kunne skrive i kunst og skapande arbeid inneber å kunne bruke tekst, teikn, symbol og visuelt språk i dokumentasjon av prosessar og formidling av budskapar.

### **1.4.3. Å KUNNE LESE**

Å kunne lese i kunst og skapande arbeid inneber å kunne forstå, undersøkje, bruke og reflektere over tekst og visuell informasjon. Det inneber òg å kunne lese eit visuelt språk, som kan opne for større forståing og betre evne til å gjere kritiske vurderingar og trekkje grunngitte slutningar.

### **1.4.4. Å KUNNE REKNE**

Å kunne rekne i kunst og skapande arbeid inneber å kunne oppfatte og berekne form, volum og proporsjonar i kunstnariske arbeid. Rekning inneber òg å beherske format, storleikar og

måleiningar. Vidare inneber det å arbeide med oppløysing og filstorleikar i arbeid med digitale filer.

### **1.4.5. DIGITALE FERDIGHEITER**

Digitale ferdigheiter i kunst og skapande arbeid inneber å kunne bruke digitale verktøy og ressursar til kunstnariske arbeid, presentasjonar og dokumentasjon. Det inneber òg å kunne hente inn og sortere informasjon og handtere ein brukar- og delingskultur i digitale og sosiale medium. Vidare inneber det å vere medviten om reglar for opphavsrett og personvern.

## **2. KOMPETANSEMÅL OG VURDERING**

---

### **2.1. KOMPETANSEMÅL OG VURDERING KUNST OG SKAPANDE ARBEID**

---

#### **2.1.1. KOMPETANSEMÅL**

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- eksperimentere med ulike visuelle verkemiddel, materiale og teknikkar, og vurdere resultata i eige arbeid
- arbeide utforskande med berekraft og miljø som fordjuping i ein kunstnarleg prosess
- gjennomføre, dokumentere og presentere ein kunstnarleg prosess frå idé til ferdig produkt og grunngje eigne val
- drøfte korleis kunst kan kommunisere kjensler, tankar og verdiar og utforske dette i eige uttrykk
- analysere og presentere ulike samfunnskritiske kunstuttrykk og bruke dei som referanse i drøftingar om kunsten si rolle i samfunnet
- utforske og dokumentere korleis ulike etniske grupper, inkludert samiske, nyttar kunst som språk, og hente inspirasjon til eigne kunstytringar
- gjere greie for kunst i det offentlege rom og utvikle kunstprosjekt med utgangspunkt i det stadspesifikke
- presentere reglar for publisering og vising av kunst, og planleggje og gjennomføre analoge og digitale utstillingar av eigne og andre sine arbeid
- kjenne til reglar for helse, miljø og sikkerheit knytte til arbeid med ulike materiale og teknikkar
- utforske og gjere greie for ulike sentrale samtidskunstnarar og arbeidet deira, og bruke inspirasjon i eige arbeid

#### **2.1.2. UNDERVEGSVURDERING**

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse i kunst og skapande arbeid. Elevane viser og utviklar kompetanse i faget når dei gjennom skapande praktiske prosessar utviklar og formidlar eigne kunstuttrykk. Elevane viser og utviklar kompetanse når dei analyserer, reflekterer over og vurderer ulike kunstytringar i samtida. Vidare viser og utviklar dei kompetanse når dei bruker kunnskap og fagspråk til å presentere sitt eige og andre sitt arbeid på ulike arenaer.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom å utforme varierte oppgåver som fremjar kreativitet, individuelt særpreg og skaparglede. Læraren skal vere i dialog med elevane om utviklinga deira i kunst og skapande arbeid, og elevane skal få høve til å prøve seg fram. Med utgangspunkt i kompetansen elevane viser, skal dei få høve til å setje ord på kva dei opplever at dei får til, og reflektere over si eiga faglege utvikling. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetanse innanfor eit breitt spekter av kunnskap og ferdigheiter i arbeidet med ulike kunstuttrykk.

### 2.1.3. STANDPUNKTVURDERING

Standpunktkarakteren skal vere uttrykk for den samla kompetansen eleven har ved avslutninga av opplæringa etter kunst og skapande arbeid. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at eleven får vist kompetansen sin på varierte måtar som inkluderer forståing, refleksjon og kritisk tenking, i ulike samanhengar. Læraren skal setje karakter i kunst og skapande arbeid basert på kompetansen eleven har vist gjennom varierte, praktiske, skapande og kunstnarlege prosesser, ved å vise kunnskap og ferdigheit i val av medium, visuelt språk og eigne uttrykk og i utforsking og vurdering av ulike kunstytringar i kontekst.

## 3. VURDERINGSORDNING

---

### Standpunktvurdering

Kunst og skapande arbeid: Eleven skal ha éin standpunktkarakter.

### Eksamen for elevar

Kunst og skapande arbeid: Eleven kan bli trekt ut til ein praktisk eksamen. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt.

### Eksamen for privatistar

Kunst og skapande arbeid: Privatisten skal opp til ein praktisk eksamen. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt.

❓ **Er læreplanen relevant for dei behova eleven, samfunnet og arbeidslivet har?**

**Ja**

*Ingen kommentar frå instansen*

❓ **Er sentrale verdiar og prinsipp frå overordna del synleggjorde i læreplanen på ein god og relevant måte?**

**Ja**

*Ingen kommentar frå instansen*

**? Beskriv kjerneelementa det mest sentrale faglege innhaldet elevane skal lære?**

**Ja**

*Ingen kommentar frå instansen*

**? Utgjer dei utvalde tverrfaglege tema ein sentral del av innhaldet i programfaga?**

**Ja**

*Ingen kommentar frå instansen*

**? Er tekstane om dei grunnleggjande ferdigheitene relevante for læring og utvikling i faget?**

**Ja**

*Ingen kommentar frå instansen*

**? Varetek læreplanen det viktigaste elevane skal lære i faget?**

**Ja**

*Ingen kommentar frå instansen*

**? Legg kompetansemåla til rette for lokal tilpassing?**

**Ja**

*Ingen kommentar frå instansen*

**? Opnar læreplanen for å kunne leggje til rette for samisk innhald for alle elevar?**

**Ja**

*Ingen kommentar frå instansen*

**? Har læreplanen eit realistisk omfang sett opp mot timetalet?**

**Ja**

*Ingen kommentar frå instansen*

**? Fungerer tekstane om undervegs- og standpunktvurdering som ei støtte for læraren i vurderingsarbeidet?**

**Ja**

*Ingen kommentar frå instansen*

**? Er det er ein god samanheng mellom Om faget og Kompetansemål og vurdering?**

**Ja**

*Ingen kommentar frå instansen*

**? Er læreplanen framtidssretta nok?**

**Ja**

Innhaldet i læreplanen er framtidssretta, men så lenge det studieførebuande løpet Kunst, design og arkitektur (KDA) ikkje er tilgjengeleg for alle landets VGS-elevar, er ikkje studieløpet i seg sjølv framtidssretta nok.

I løpet av det siste halvanna året har fleire fylkeskommunar foreslått å legge ned praktisk-estetiske utdanningstilbod ved ei rekke skular, som Hafstad vgs i Førde, Polarsirkelen vgs i Mo i Rana, Voss gymnas og Sandefjord vgs. Eit av studietilboda er KDA.

For å kunne gje eit fullverdig opplæringstilbod til elevar over heile landet, er det grunnleggjande naudsynt å oppretthalde studieløp som KDA også i distrikta. Som Kulturmeldinga slår fast; "alle skal få sjansen til å ta del i kulturaktivitetar, og kulturgoda skal vere tilgjengelege for alle grupper i befolkninga". Dette er ambisiøse mål som fordrar konkrete tiltak for å sikre at alle får delta og vere aktive på kunst- og kulturarenaer, både i og utanfor skulen, og i alle landets regionar.

Svekking av geografisk dekning av dei praktisk-estetiske faga gir mindre mangfald og bredde i undervisninga, og dermed færre høve for elevar som ynskjer seg mot kunst og kultur. På lang sikt vil det føre til at den faglege kompetansen i samfunnet bli fattigare. Som det står i

opplæringslova § 1-1, skal skulen "opne dører mot verda og framtida og gje elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring". For at elevar skal få kulturell innsikt og forankring, må kunstfaga sin status styrkast, både i grunnskulen og i den vidaregåande opplæringa. Læreplanen i "Kunst og skapande arbeid" ser ut til å bidra til dette innhaldsmessig, men i praksis treng vi også ei faktisk oppretthalding av praktiske-estetiske utdanningsløp. Ein føresetnad for både eit framtidsretta studietilbod og eit framtidsretta kulturliv, er å gje elevar møter med kunst og kultur i skulen gjennom heile utdanningsløpet og over heile landet. For at elevane skal kunne tileigne seg kunnskapen i dei nye læreplanane, må strukturen rundt vere på plass.

**?** Er språket i læreplanen klart og tydeleg?

**Ja**

*Ingen kommentar frå instansen*